

Kåre Reigstad
Osterfjordvegen 124
5914 Isdalstø

Gjervik 17.06.2015

KT OG OPI INVEST AS
v/ Søderstrøm
IEVEGEN 211
5917 ROSSLAND

Merknad vedkomande LNF eiendommen på Gjervikflaten g/bnr 188/5

Syner til mottatt nabovarsel datert 04.06.2015, der de ynskjer å forlengje løyvet på lagerhall i nye 2 år eller til kommunen er ferdig med rulleringa av ny kommunedelplan, samt sleppe klar frå tidlegare vedtak og vilkår gjeve frå Plan og Miljøutvalet (147/11).

Dette seier eg nei til - av fleire grunnar.

- Dette fordi Kristoffer Søderstrøm lova meg for to år sidan, då han kom på besøk til meg med det første nabovarselet for lagerhallen, at han skulle lage det så fint til rundt denne hallen. Eg trudde han og kom ikkje med merknad.
- Det vart aldri stelt til rundt hallen, slik han lova.
- Han sa også at han skulle stelle til og ordne med gardshuset.
- Det har han ikkje gjort. No er mange av glasa i huset knuste og det ser fælt ut utanfor.
- Dette er inngangen til bygda vår, og det er ikkje særleg innbydande.
- Eg tykkjer også det er rart at Kristoffer Søderstrøm tok i bruk lagerhallen utan å søkje om ferdigattest/mellombels bruksløyve.
- Saka er det at eg ikkje lenger stoler på Kristoffer Søderstrøm og hans ord. Han seier meg noko, men gjer noko anna.

Til sluttord vil eg seia til den eller dei kommunale saksbehandlarane og eventuelle politikarar som skal behandle denne søknaden:

No tykkjer eg at det er det nok i denne saka. Me som bur her inne og har dette området og gardshuset som næraste nabo, har sett på denne elendigheita lenge nok. Dei siste 12-15 åra har me blitt halde for narr når det gjeld kva denne garden er tenkt/søkt nytta til. Eg kan blant anna nemne tilleggsjord for bonde (?) frå Seim, mellombels deponi, steinknuseverk og lagerhall.

Dei siste 5-6 åra har det vore enorme pyramidar med jord- og steinmassar som berre skulle ligge ei lita stund (jamfør tidlegare søknadar - mellombels deponi mm). Dei forskjellige søkjarane har alltid lova at ting skal bli så flott.

Dei vilkåra som Plan og Miljø-utvalet har gjeve i samband med tidlegare vedtak har ikkje blitt utført av søkjar. Ei heller har dei blitt følgd opp frå administrasjonen.


Kva er då poenget?

At Søderstrøm kjøper eit areal i LNF område, utanfor markagrensa og gret si sjuke mor, får det vera for eigen risiko. Dersom han er i beit for ein plass å drive butikken sin på, burde han vore med på toget (i budrundene) då kommunen selde næringstomtar i Galteråsen på Isdaltoppen, som er like sentralt som Gjervikflaten. Der var det ferdig regulerte tomter akkurat for slik handel som Søderstrøm driv med.

Gjervikflaten er innfallsporten til både Knarvik og Gjervik frå E-39 som har veldig mange daglege bilpasseringar. Etter at det vart anlagt gang og sykkelveg langs Gjervikflaten, er det også mange som nyttar denne for å komme seg ut i naturen. Det er ikkje noko fint syn som møter oss. Det skulle ha vore grøne bøyar på mange mål her. Ver snill og set foten ned no. Nok er nok.

Med helsing

Kåre Reigstad

A handwritten signature in black ink that reads "Kåre Reigstad". The signature is written in a cursive style with a small "Kå" above the first "K".